



Anne Irene Nygård
Grønfjellet 80
5955 LINDÅS

Referanser:

Dykkar:

Vår: 17/2556 - 17/32764

Saksbehandlar:

Henriette Rolland

Henriette.Rolland@lindas.kommune.no

Dato:

17.11.2017

Referat frå møte i skulemiljøutvalget 15.11.17

Til stades: Anne Irene Nygård - FAU- leiar, Torild Vågenes - nestleiar FAU, Anne Britt Svendsen- inspektør, Olav Steinsland – politisk vald, Thomas Vågenes elevrådsleiar, Vilde Tennfjord nestleiar i elevrådet, Mathea Eikemo elevrådet, Henriette Rolland – rektor og Kari M. Fjellanger – sekr. Desse møtte ikkje: Markus W. Norgård, elevrådslærer og Håvard Ones, elevrådsrepr.

Sak 1- 17/18: Rektor orienterte om **SMU og SU**.

Val av leiar, nestleiar og skrivar:

Leiar: Torild Vågenes

Nestleiar: Henriette Rolland

Skrivar: Kari M. Fjellanger

Henriette presenterte Kvalitetsplan oppvekst, for barn og unge, 2016 – 2028. På bakgrunn av denne har vi fått ein miljøterapeut, som vi deler med Lindås barneskule og ein kommunal ungdomskoordinator.

Sak 2-17/18: **Skriv og meldingar**

Nytt frå:

FAU: Anne Irene orienterte.

- Det er stort engasjement blant foreldra i det nye FAU.
- Fau, miljøterapeut, 9 og 10 kl. har arrangert diskotek for barn i 1-4 kl i Lindåshallen. Det vart godt motteke og dei har fått positive tilbakemeldingar på det. Det er ynskje frå FAU Lus om å få til eit betre

Post

postmottak@lindas.kommune.no

Dokumentsenteret

Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no

Telefon +47 56 37 50 00

Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311

Org.nr. 935 084 733



samarbeid med FAU på barneskulen og med elevrådet på ung.skulen.
Dei jobbar også med å få registrert FAU i Brønnøysundregisteret.

Skulen: Henriette orienterte om:

- Vi markerte Verdens psykiske helsedag 6.okt. og BliMe dagen.
- Det er ynskje om at «mellomgangen» mellom 9 og 8 kl. korridoen, skal verta MOT-gang. Vi vil ha bilde på veggane og få til eit positivt og koselig miljø.
- 10 kl. elevane var på Jotunfjell leirskule v. 43.

Elevrådet: Thomas orienterte om:

- Dei har utført skulevalg.
- OD – dag
- Nye tiltak ang. toasten i kantina. (Elevar kan levere maten sin i kantina kl. 10.20 -10.30)
- Vil betre hygienen ved/ på toastjerna.
- Elevrådet vil at skulen skal kunne benytte garderobane nede ved musikkrommet. Det vert vanskelig, men rektor skal sjå på om den eine garderoben kan «flettast» inn i resten av gangen nede. Dette må gjerast i samarbeid med teknisk etat i kommunen.
- Brus og snop i timane....**det er forbod mot dette i dei ordinære timane.**
- 10A ynskjer nye stolar...det er stolar på lageret oppe og nede v/sløydsalen som dei kan bruke.
Forslag: Ta med pute å sitje på.
- Skuleball..kan ein ta med elevar frå andre skular på ball? Svaret frå FAU og skuleledelsen er nei.
- Stikkball: Elevrådet får melding om at elevar opplever urettferdighet av dei ulike lærarane som har vakt i gymsalen.
- Det kom nokre forslag som elevrådet må jobbe vidare med.
- IFA elevane har undersøkt om det er interesse for ein nattcup på skulen. Rektor har ingen mulighet til å gje elevane avspasering etter ein slik cup, så dersom det er interesse for det, må det vere når skulen har fri dagen etterpå.
- Mulig konkurranse i stein,saks og papir.
- Dei ynskjer sunnare matvarer i kantina.

Lindås kommune: Olav orienterte om:

- Kommunen har ein samfunnsplan og ein trafikksikringsplan
- Vi har også fått ein ungdomskoordinator...det er ei FB side som heiter UNG I Lindås.

Sak 3- 16/17: **§9a-4, kva konsekvensar får endringa i opplæringslova §9a for dagliglivet på LUS.**

Anne Britt orienterte og hadde ein presentasjon at det som var nytt.

Tiltak:

- Bevisstgjere elevar og personalet.

Verta betre på:

- Prosessen er nett starta, men vi kan starta med å ha eit opent og klart blikk.
- Sjå kvar enekelt elev.

Sak 4- 17/18: **Ymse.**

FAU spør elevrådet om elevmassen her på skulen kan vere villig til å forsetje med diskotek for dei små? Dei vil at elevrådet skal diskutere det og gje ei tilbakemelding.

Lindås 17.11.17

Kari Misje Fjellanger
skrivar

Med helsing

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Anne Britt Svendsen

Anne Irene Nygård

Henriette Rolland

Håvard Ones

Markus Wentsel Norgård

Mathea Eikemo

Olav Magnus Steinsland

Thomas Vågenes

Torill Vågenes

Vilde Tennfjord

Grønfjellet 80

5955

LINDÅS

Grønfjellet 3

5955

LINDÅS

Lindåsvegen 1941
A

5955

LINDÅS